

Til deltakarar og føresette

Dato: 18.04.2016  
Vår ref.: 2015/10661-118  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Kjære UKM-deltakar

**Gratulerer som deltakar til UKM-festivalen i Trondheim!** Her følgjer viktig informasjon til deg og dine føresette.

24. – 28. juni 2016 møter du nærmare 600 ungdommar gjennom 4 dagar. Desse dagane inkluderer framsyningar, workshops, konsertar, filmvisningar, kunstutstilling, TV-produksjon, sosialt samvær og mykje anna. Alle har til felles at dei er interessert i, og gode på, noko som har med kultur å gjøre. Her kan du oppleve både musikarar, dansarar, skodespelarar, kunstnarar, filmskaparar, fotografer, reporterar, arrangørar, konferansierar, stand-up komikarar og forfattarar.

### Prinsipp for deltaking

Festivalen startar fredag 24. juni kl. 20:00, og varer til tysdag 28. juni om morgonen, og det er viktig både for deg og oss at du kan vere med heile tida. Å bli sendt vidare til UKM-festivalen dreier seg ikkje om å reise for å gjere ein kjapp opptreden i Trondheim. UKM-festivalen er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktiviteter, overnatting osv., utgjer ein heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommane som vert sendt vidare fortener å få oppleve denne heilskapen. Deltakarane skal som hovudregel delta på heile festivalen som vert arrangert 19.-23.juni.

Dersom det er ein heilt spesiell årsak til at du må søkje om fritak for delar av festivalen, må du ta kontakt med fylkeskontakten for UKM Hordaland, Marianne Ose Askvik, allereie no. Kontaktinformasjon på e-post er [hordaland@ukm.no](mailto:hordaland@ukm.no) og du kan ringje Askvik på mobilnr. 992 30 515.

### Samtykkeskjema

Vedlagt denne pakka er «samtykkeskjema for deltakere». Les gjennom dette skrivet før du fyller ut, signerer og sender dette til fylkeskontakten innan **torsdag 5.mai**. Dersom du er under 18 år må vi ha signatur frå føresette i tillegg til e-post, adresse og telefonnummeret deira. Det er mogleg å skanne skjemaet og sende dette til fylkeskontakt per e-post ([hordaland@ukm.no](mailto:hordaland@ukm.no)) eller sende per post til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen.

### Info til deltakarar og føresette

Olavskvartalet er hovudarena for festivalen, men UKM kan de også oppleve på Studentersamfundet, på Solsiden og i Vår Frue Kirke. Alle UKM-artistar bur samla i to store idrettshaller og ein skule i bydelen Charlottenlund i utkanten av Trondheim. Her vert det også frukost og kveldsmat. Hovudframsyningar, kunstutstilling og workshops vert arrangert i Olavskvartalet/Olavshallen. Her er det også TV-studio, nettredaksjon og sekretariat. Filmframsyninga er på NOVA Kinosenter. Her ligg også Olavs Pub, der det vert servert lunsj og middag.

På laurdag er det UKM-parade til Solsiden og her vert det også arrangert utekonsert. På søndag er det akustisk konsert i Vår Frue Kirke. Kveldsprogrammet består av Kick-off på Charlottenlund fredag, deltakarfest med aktiviteter på Charlottenlund laurdag, bading i Pirbadet på søndag og det heile vert avslutta med festkvelden #UKMkalas på Studentersamfundet i Trondheim måndag kveld.

Det er ikkje påmelding på workshops, men det er obligatorisk å delta begge dagar. Dei fleste workshops vert arrangert to gonger (sundag og måndag). Det er då same workshop, slik at du kan delta på to forskjellige opplegg første og andre dag.

Programmet er klart i slutten av mai. På nettsida [www.ukm.no/festivalen](http://www.ukm.no/festivalen) finn de deltakarinformasjon, rammeprogram, kart, ordensreglar og annan info. Sida vert oppdatert fortløpande fram mot festivalen med nyhende om workshops, detaljprogram osv. Det er **viktig at alle deltakarar (og føresette) gjer seg kjent med innhaldet** på denne nettsida.

### Ordensreglar

Det er svært mykje som skjer kvar dag under festivalen, og de skal prestere på høgt nivå som artistar og kunstnarar. Derfor må ein også sove litt.

- Det skal være ro i sovesalane frå kl. 00:00.
- Alle UKM-artistar må møte presis til prøver, framsyningar og arrangement.
- All bruk av rusmidlar er forboden, og overtredelse / brot på dette fører til heimreise for eiga rekning.

### Reise og Reiseleiar

Hordaland fylkeskommune ordnar med flybillett til alle deltakarane. Avreise vil vere fredag 24.juni og heimreise vert tysdag 28.juni. Dersom de eller du **ikkje kan** reise frå Bergen (Flesland), må fylkeskontakten få beskjed om dette snarast. Når vi har motteke alle samtykkeerklæringane, startar vi arbeidet med å tinge flybillettar. Når dette er ordna, vil de få stadfesting om dette på e-post (kopi til føresette når deltakar er under 18 år).

Deltakarar vil også få dekt reisekostnadar til Bergen (Flesland) frå heimstaden sin. Hordaland fylkeskommune dekker rimelegaste reisemåte. Den einskilde deltakar må sjølv melde frå om ein ønskjer refusjon for reisa frå sin heimstad.

UKM Hordaland har med 4 vaksne reiseleiarar som reiser med deltakarane frå UKM Hordaland og søv med alle i Charlottenlund (ei vidaregåande skule i Trondheim). Desse er Katarina Birkeland (30 år), Inni Mowinkel (25 år), Arman Nezhad (25 år), Sandra Morken Reigstad (20 år). Kontaktinformasjon, kort skildring og bilete på kven desse reiseleiarane er, ligg vedlagt i pakka med dette brevet. Marianne Ose Askvik (fylkeskontakt UKM Hordaland) kjem til Trondheim søndag 26.juni.

Samla tal på deltakarar frå UKM Hordaland er uklart per i dag grunna nominering av UKM Media og Unge Arrangørar (UA). Her er det slik at kvart fylke nominerer deltakarar frå desse kategoriane. UKM Norge tek den endelege avgjerda om kven som får delta på festivalen. Dette vert gjort for at UKM Norge kan vere sikker på at alle deltakarar i UA og UKM Media får sin plass og kan bidra optimalt på UKM-Festivalen i juni. Det er sannsynleg at samla tal på deltakarar frå UKM Hordaland er under 30.

### Husorkester versus playback

Ingen skal behøve å stå på scenen i Olavshallen og synge eller spille med playback. UKM Norge set saman eit profesjonelt husorkester, og alle deltakarane som er vidaresendt med playback får høve til å verte akkompagnert av desse muskarane (eller berre av pianist).

Ver vennleg og gi tilbakemelding på om dykk ønskjer dette. UKM Norge må ha skriftleg tilbakemelding på kven dette vil gjelde for.

### Kunst

Av kunstverk har vi allereie Eva sine bilete på plass. Sigrid, Bo, og Zofia må sende sitt kunstverk til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen. Kunstverka **må vere på plass i Fylkeshuset innan 15.mai**. Det er og mogleg å levere

kunstverket i Fylkeshuset. Då gir dykk beskjed i resepsjonen i 1.etg. at dykk skal levere noko til Marianne Ose Askvik som har kontor i 7.etg. Adresse til Fylkeshuset er Agnes Mowinckelsgate 5, 5020 Bergen. Kunsten vert henta av speditør av UKM Norge og dei kunstverka eg ikkje har på kontoret innan 15.mai får ikkje vist fram kunsten sin i Trondheim.

Vi gler oss til å reise med alle UKM-deltakarar frå Hordaland til Trondheim.

Vennleg helsing

Ronny Skaar  
utviklingssjef / seksjonsleiar

Marianne Ose Askvik  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*